



**Det er framleis snø og fint skiføre på Hauglandsfjellet inn mot Tverrfjell og Gråfjell. I Botnane minkar det på snøen, men det held nokre veker til.**

Isen er trygg på Stølsvatnet. På lune plassar ligg det 10 - 15 cm nysnø. På toppane er det isete og eit hardt skiføre.

Heime på fjellet mot Storhaug er snøen mest borte.

Mange hadde funne vegen til fjells i dag, anten opp skogsvegen på Haugland eller den lange turen over Halsane, Ådnaklett, Storhaug og innover fjellet mot Mannsvatn.

uskedalen.no har merka at det er interesse frå eigarane om å bruka hyttene i påskeferien. Dette gjeld og dei som saman eig den restaurerte hytta på Storhaug.

Mange brukar Uskedalsfjella til dagstur.

Mellom anna møte vi påskegjestene frå Langevåg som ligg i Øyro Marina.  
( Sjå artikkel på uskedalssida for nokre dagar sidan )

Biletet.

Det er trygg is på Stølsvatn og godt med snø i Botnane

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal